



DET KONGELEGE
KOMMUNAL- OG REGIONALDEPARTEMENT

Pressemelding

Dato: 10. juni 2013

1 350 000 kroner til Lokal samfunnsutvikling i Nordland

Nordland fylkeskommune har som mål å styrke kommunane si evne til å drive kontinuerleg utviklingsarbeid, samt å styrke fylkeskommunen si evne til å gje rettleiing til kommunane i dette arbeidet.

Kommunal- og regionaldepartementet tildeler 30 nye millionar kroner til fylkeskommunane for at dei skal halde fram med å vidareutvikle si samhandling med kommunane.

- Mitt inntrykk er at mange kommunar no arbeider aktivt med å utvikle attraktive lokalsamfunn ved at dei samarbeider med fylkeskommunen om kompetanse og kapasitet, seier kommunal- og regionalminister Liv Signe Navarsete.

Nordland fylkeskommune skal bli betre på å samordne verkemiddel og rettleiing til kommunane. Tilflytting, kommuneplanlegging og attraktive/aktive lokalsamfunn er hovudtema for satsinga i Nordland.

Nordland skal:

- Arrangere samlingar for å utveksle erfaringar og skape idear for arbeid med utvikling i kommunane.
- Gje kommunane kurs i prosessleiing.
- Rettleie kommunane/regionane i arbeid med sine utviklingsprosjekt
- Gi kommunane kompetanse og kapasitet til å ta i bruk planlegging for å utvikle attraktive lokalsamfunn.
- Samarbeide med andre fylke om meir målretta planutdanning.
- Utvikle lett tilgjengelege faktaark om viktige utviklingstrekk i kommunane i Nordland.
- Utarbeide samordna webportal for regionale verkemiddel, plandata for kommunane over kven gjer kva i fylkeskommunen og regional stat.
- Samordne og vidareutvikle samhandlinga med kommunane.

Kommunal- og regionaldepartementet sin pressetelefon: 22 24 25 00

